



# Gebyrregulativ for handsaming av søknad om graveløyve og kontroll etter leidningsforskrifta

Fastsett av Voss heradstyre 14.11.2024

Heradet har vedtatt fylgjande gebyrregulativ knytt til kostnadane til saksbehandling av søknad om graveløyve, arbeidsvarsling og kontroll. Gebyrregulativet er heimla i *veglova §32* og *Ledningsforskriften §18*.

## **Følgjande gebyr gjeld:**

Sakstype	Pris per sak eks mva.
Standard gravesøknad	Kr 4 500
Stor/kompleks gravesøknad	Kr 7 200
Tillegg: Gjeld mindre endringar, utvida arbeidsperiode m.m	Kr 1 800

Tabell 1 Gebyrregulativ søknad om graveløyve

Heradet fakturerar søkjar i den enkelte sak når vedtak om graveløyve er fatta. For vedtak som medfører avslag, vert tiltakshavar belasta med 50 % i forhold til opphavleg gebyr.

## **Presiseringar:**

### Søknad om graveløyve og arbeidsvarsling:

Det skal søkjast om graveløyve frå vegmyndigheita for å legge leidningar over, under, langs eller nærare offentleg veg enn 3 meter frå vegkanten på begge sider, målt vassrett. Det gjeld alle typar inngrep i tilknytning til leidningsanlegg som omfattar graving, boring, legging, omlegging, utskifting, fjerning eller liknande tiltak.

Arbeidsvarslingsplan er ein plan som viser korleis vegarbeidet skal varslast og sikrast ut frå ei risikovurdering. Ei verksemd som skal jobbe eller bruke areal, på eller ved ein kommunal veg, må søkje kommunen om arbeidsløyve på kommunal veg med godkjenning av arbeidsvarslingsplan. Kravet om arbeidsløyve gjeld sjølv om tiltaket ikkje omfattar graving (t.d. ved luftstrek, utplassering av containerar, m.m.).

### Stor/kompleks gravesøknad:

Større og meir komplekse saker som omfatta strekning lengre enn 40 meter, og/eller som omfatta fleire kryssinga av veg, behov for koordinering med andre relevante aktørar, behov for førehandsgodkjent plan, og/eller utvida kontroll

### Tillegg: Gjeld mindre endringar, utvida arbeidsperiode m.m.:

Gjeld mindre endringar av gitt løyve, utvida arbeidsperiode m.m. som gjer ny sakshandsaming nødvendig. Større endringar vert rekna som ny søknad.